

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim



**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?
No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på fosterheim.no

Illustrasjonsfoto

Kyrkjebakken nr. 4 – 2023 – aprilnummeret – årgang 52- nytt stoff innan 12.mai



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest: Treffid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen
Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakater for eventuelle endringar.

Fredag 05.mai

Samtalegudsteneste kl. 18.00

Mandag 08.mai kl. 11.00

Gudsteneste på Selsøy

Onsdag 17.mai

Gudsteneste kl. 10.00

Søndag 28.mai

Konfirmasjon kl. 10.00 og 12.00



**ANNONSE I
KYRKJEBAKKEN?**

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1 / 4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

Fengslande lesning

Det er få personar som imponerer meg meir enn den sørafrikanske "grand old man": Nelson Mandela. Korleis går det an å koma direkte frå eit djupt urettferdig fengselsopphald til å leia ein nasjon i eit historisk regimeskifte, og det utan å kjempa med våpen? Ein skulle tru at alle åra i høgrisikofengselet på Robin Island hadde etsa hat og hevntankar inn i sinnet hans! Her sat han fengsla frå 1964 til 1982 fordi han kjempa for like retter for menneske uavhengig av rase og farge! I staden for det, tala han faktisk om forsoning mellom kvite og svarte. Så har han og fått ein heilt einestående posisjon i verdssamfunnet som eit heilstøpt menneske!

Om Nelson Mandela las Efesarbrevet og vart påverka av det i sine haldningar, veit eg ikkje. Det ville i så fall ikkje overraske. For her møter me Paulus frå ei av dei mildaste og mest nådefulle sidene, og det i ein situasjon der han sjølv sit i fengsel: "Så legg eg dykk på hjarta, eg som er fange for Herrens skuld." (kap.4,1ff)

Og kva er det så han legg oss på hjarta? Det første, og dermed truleg det viktigaste han nemner er "å vera audmjuk": eit ord eg er redd alltid har hatt tronge kår hjå oss. Faktisk var det slik at dette ordet måtte nyskapast då Det Nye Testamentet vart nedskrive. Det er ikkje naturleg for oss menneske å vera audmjuke. Vår tendens er å setja egoet fremst, og det står i grell

kontrast til det å vera audmjuk. Å leiva audmjukt er noko som må lærast. Det er ein av dei viktigaste funksjonane til Den Heilage Ande: å læra oss å leiva slik. Tre kjenneteikn på eit slikt liv:

1. Sjølvkjenning: Å vera audmjuk inneber å våga å sjå og erkjenne sine eigne svake sider, å vedkjenna seg dei. Dette er utgangspunktet for å kunna arbeida konstruktivt med dei.
2. Å våga å setja ein høg standard for livet. Det er så lett å bruka munnhullet: "Eg er no ikkje dårlegare enn....." Men dette fører kun til ein usunn konkurransementalitet. Å vera audmjuk inneber å våga å måla seg mot det perfekte. Det finst kun ein fullkomen – «Jesus, det eneste, helligste, reneste...» I staden for konkurranse skal vi få leiva med Jesus som vårt føredøme.
3. Å erkjenne at ein er avhengig av Guds miskunn og nåde, å bøya seg for Gud.

Å leiva med ei slik innstilling trur eg vil merkast i vår omgang med andre. Ein er ikkje så oppteken av å døma, meir av å sjå liv veka fram. Slik Nelson Mandela inviterte sine fangevaktarar til å vera med og byggja eit nytt land!

Og Gud står den stolte imot, men den audmjuke gjev han nåde.

Rune Minde

Ingrid Keilegavlen Rebnord

Min salme



Salme 845 No stig vår song

Salmen No stig vår song, vår takk til Gud av Edvard Hoem, er ein salme eg er blitt svært glad i siste åra. Den er av dei nyare i salmeboka, skriven til Kong Harald sin 70 års dag, kom med i salmeboka frå 2013 og er no ofte å høyre som allsong eller framført.

Teksten er ein lovsong til Gud, ein takkesong der ein vert minna på alt i det daglege av smått og stort vi kan vere takknemleg for. Alt det vi tar for gitt, alt som er så stort og samansett i utstrekning i tid og rom at det overgår vår fatteevne. Samtidig er det og ei påminning om at livet er samansett, også det mørke og kontrastane høyrer med i lovsongen.

Med Håkon Berge sin melodi til, er dette ein salme der ein kjenner korleis lovsongen vert løfta oppover, mot Gud, og til sist om håpet vi har i vente.

NO STIG VÅR SONG

No stig vår song, vår takk til Gud for denne gode verd, for havets salt, for regn og sol og himlens stjernehær. Vi takkar deg for storm og frost, og snø som fell så stilt mot jord. Vi takkar for den mørke natt, og vårens tid, for alt som gror.

No stig vår song, vår takk til Gud, for nådens korte tid. Da skapte du vår vakne sjel som lid når andre lid. Ditt tålmod lindrar gamle sår, men dagleg blir din skapning krenkt. La rettferd fylle tusen år! Trøyst våre barn, møt deira lengt!

No stig vår song, vår takk til Gud for denne heim, vår jord, med barnesmil og voggessong og heite kjærleiksord! Vi takkar for kvar nyfødt dag, da våre sansar opnar seg, for tankens glans, for hjerteslag og alle under på vår veg.

No stig vår song, vår takk til Gud for han som er vår fred. Når Kristus sprenger dødens rom fell siste stengsel ned. Da stig vår song, vår takk til Gud for spor på strand, for bølgers slag: Kom natt, kom søvn, kom morgongry, kom evig sommars lyse dag.

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

**FONNES FILIAL
STENGT**

Fonnes filial er stengt på grunn av den pågåande ombygginga av Kaland skule. Ombygginga skal vera ferdigstilt til sommaren 2023, det kjem nærare informasjon når biblioteket opnar igjen

*Følg oss gjerne
på facebook*

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-12.00 .

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Høyrskontakt i

Austrheim 56 16 21 23



Som det sømer seg ein god blommedekorator er det viktig å møte folk med eit tilbod om alt innan blombinding.

Eg vil snakka litt om eit av dei viktigaste oppgåvene me dekoratorar arbeider med. Her tenkjer eg på begravelse som me alle vil oppleve igjennom livet. Då kan det vera godt å vita at ein har ei trygg og god blomehandlar som kan sine ting innan form, fargar og fram for alt sin faglege blombindarkompetanse.

Din lokale blomehandlar er meg, som har breid erfaring innan yrket. Eg kjem gjerne heim til deg slik at vi saman kan finna dei beste vala. Eg vil sørgje for at du føler deg trygg i val av blomar, kistedekorasjonar, kransar og elles kva ein måtte ha av ynskje for utforming av pynting i kyrkja.

Det er ikkje alltid så kjekt å måtte gå inn i ein butikk eller eit kontor når ein sit midt opp i det med triste og tunge tankar.

Det er då eg er der for deg og kan gjere det til ein vakker ting, der vi snakkar om den avdøde og legg til det vesle ekstra som skal til for å finna det perfekte og unike i dine dekorasjonar, og med dine følelsar under gravferda.



Aarhus
blomster & interior AS



Du treng meg og eg treng deg.

Du gjer meg meir erfaring, og eg gjer deg trøyst.

Eg vil alltid gje deg det beste eg kan gje deg av det eg kan.

Saman lagar me eit godt minne for dagen.

Me gret gjerne, ler litt, vi er stille ei stund.. Kjenner på det.

Det blir ei fin stund, du og eg kjenner på ein trygggleik fordi me har snakka og sett kvarandre før.

Eg er din lokale blomehandlar. Eg bryr meg om deg.

Eg har erfaring og taushetsplikt.

Du gjer meg tilit. Eg gjer deg attende det du forventar og meir til.

Denne fine stunda er kostnadsfri til deg fordi eg bryr meg. Eg vil og gje deg 20% på det du veljer å bestilla av blomar og tjenestar frå meg. Frakta er sjølvsgatt gratis.

Eg håpar og vonar du vil kontakta meg når du treng det mest sårbare i livet ditt.

Eg er her for deg.



Gravstell

Det er mange som tek kontakt med meg og ytrar ynskje om gravstell.

Det er ikkje alltid ein har anledning til å stella grava til ein kjær. Det kan vera ein bur langt unna, er sjuk, klarar ikkje gå til grava. Grunnane er mange, og me er sårbare... me er menneskeleg..

Gravstell i Austrheim har eg no fått løyve til frå soknerådet i kommunen. Treng du beplanting og stell av graver, har eg same prisar som dei. Her er det delt inn i fire intervallar: 17 mai, sommarblomar, lyngblomar til hausten og krans til jul.

Om du berre vil ha ei pynting, eller ei markering, gjer eg og det og.

Eg sender deg bilete av gravminnet i etterkant slik at du kan sjå kor vakkert det blei.

Eg gjer deg 20% på bestilling av begravelsepakke. Kistedekorasjon, Hjarte, Krans og dekorasjonar. Kjem også heim til deg om du vil etter avtale kostnadsfritt.

Tlf: 929 72 370

Mail: ernaaarhus@gmail.com

Ver snill og bruk din lokale blomhandel. Eg treng deg for å vera her.

Fredsmarkering Selsøy i Austrheim

8. mai 2023 kl. 1100

Skyssebåt frå Baløykaaien - frå kl. 0930 til ca. 1040.

Program for dagen.

Austrheims stolte gutar:	Ut mot havet
Velkomst v/	Neptun Seniorklubb
Seniorkoret:	Valfritt innslag
Preludium:	Alltid freidig når du går
Gudsteneste:	Sokneprest Rune Minde
Organist :	Jostein Hauge
Postludium:	Norge i rødt hvitt og blått.
Årås skule:	Valfritt av elevar frå 9. klasse
Seniorkoret :	Valfritt innslag
Helsing på dagen:	Ordførar Per Lerøy
Austrheims stolte gutar:	Valfritt innslag
Tale for dagen:	Kommandør Einar Ebbesen
Kransnedlegging:	Kommandør Einar Ebbesen
Vi syng:	"Ja vi elsker"
Programmet vidare:	Neptun Seniorklubb.

Matøkt. Ta med mat og drikke.

Høve til tur til radiohytta, Risor II, og tur til husmannsplassen.

Skysst tilbake etter behov. Vel møtt !

Arrangør: Neptun Seniorklubb

Austrheim sokn

Takke annonse

Gravferd

30.03: Marius Hansen Leikvoll f. 2023

31.03: Gerda J Kaland f.1960

Døypte

26.mars:

Niko Emilian Helland

Ingvild Torsvik

Mikal Myhre Tolleshaug

Takke

til diakoninemnda for gåva eg fekk
på dagen min,
og takk til Inger som kom med den.

Hilsen Harry Fønnes

Nytt stoff innan **Kjem ut**

12.mai
18.aug

25.mai
31.aug

ÅRÅS BEDEHUS

Onsdag 26. april kl 19:00 Bønnesamling

Søndag 7. mai, Formiddagsmøte kl 11:00 Ole Corneliussen talar

Onsdag 10 mai kl 19:00 Bønnesamling

Søndag 21. mai, Formiddagsmøte kl 11:00 Leiv Nesheim talar

Onsdag 24 mai kl 19:00 Bønnesamling

Søndag 18. juni, Formiddagsmøte kl 11:00 Reidun Skurtveit talar

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30

Ving frå 4 år til 4. trinn. Annankvar torsdag 17:00-18:00

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no

Austrheim Indremisjon på Facebook.



Mastrevik torg
Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr

Bygdetreff

Den dagen møtte ca. 30 stk. opp.

Temaet var Kulturvandring til Fønneskaiaen ved Harald Sognes.

Han hadde mykje interessant å fortelja, og viste fine bilete frå gammal og ny tid. Mange av bygningane er no borte, og nye eigarar har overtatt fleire av dei eksisterande bygningane.

Rune og Jan spelte og song på deira humoristiske vis.

Elles kosa folk seg med god mat og prat.



Neste og siste Bygdetreff denne sesongen vert onsdag 26. mai kl. 11-13.



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilproduzentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik





Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



Austrheimkonfirmantar 2023. Konfirmasjonsdagen er 28.mai



KILSTRAUMEN
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Alva Elise Alfredsen Lerøy
Andreas Tangenes Tangen
Astrid Ekornrød Sætre
Benjamin Nordgulen Vårbakken
Emma Oline Melligen Toppe
Emmely Michelsen Skurtveit
Eric Veland Hjelmtveit
Hanna Sætre Austrheim
Ida Christin Sætre
Ingrid Fønnes
Isabella Steinagard
Julie Johansen Isene
Kasper Wiik Daae

Louise Fønnes
Maja Victoria Aarvold
Maria Kristina Kvamme Kalstad
Marie Semmingsen Lerøy
Michelle Taisia Sætre
Mille Sårheim
Patric Vik Brekke
Pia Isabell Utvær Gjengstø
Sander Oksnes Strømsnes
Silje Vikene Gjelsvik
Solfrid Gjerde Skoge
Thea Mongstad Gullaksen
Tommy René Aleksandersen
Wright



Palmesøndag

“Sjå vi går opp til Jerusalem” er påskebodskapen i bilete, tonar og ord. Det kunne me oppleve i kyrkja palmesøndag under god leiing av Rune Minde. Hermund Rebnord var musikalsk ansvarleg og trakterte både orgelet, el-orgel og klaver med kyndige hender. Simon-Emiil B Waage spelte vakkert på trombone. Det var mange flinke

tekstlesarar og forsongarar. Janne Berger med si fine røyst framførte “Kyrie” av Bjørn Eidsvåg. Det er Aud og Knut Risnes som har sett saman dette programmet som no er vidareført av andre krefter. Aktørane saman med Aud og Knut fekk ei velfortent takk for ein flott kveld.



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel
Tlf: 40 90 02 16
Sætre marka 2 -k-hus
Tysdag ,Torsdag og Fredag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson
Tlf: 96 62 66 56
Sætre marka 2 -K-Hus
Tysdag , Onsdag og Torsdag

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø

vatne-byra.no